



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Møteprotokoll for Ørskog sokneråd

Møtedato: 18.01.2024
Møtetid: kl. 18:00
Møtestad: Kyrkjetorget i Ørskog

Til stades: Mons-Olav Walgermo, Inger Valbø, Knut Steinar Dyrkorn, May-Sissel R. Osvik, Ingeri Madsen møtte for Kari Pauline Longva, Ola Sønnerland møtte for Kristian Fjørtoft, Ann Kristin Paulsen møtte for Doreen Strømmen og Kristian Sveen møtte for Kim-Ove Hestås.
Geistleg representant: Olav Rønneberg
Kyrkjelydspegagog Ørskog og Skodje, Julie Elise Tronstad

Opning ved Mons-Olav Salme nr 589, ein dåpssalme.

Saker

Sak 01/24: Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 02/24: Godkjenning av møteprotokoll frå 14.12.23

Sak 03/24: Orienteringssaker Skriv og meldingar

- Samtale med trusopplærar Julie Elise Tronstad
- Salmar vi liker å synge v/ Ola Sønnerland
- Sponsa tur til Nepal i påska
- Utlysing av stilling som kateket i Ørskog og Skodje
- Takk frå Vaksvik Sportskapell for sponsing av julaftanarrangement
- Takk for offergåve
- Jule-og nyttårshelsingar til Ørskog sokneråd

Sak 04/24: Utval og kontaktpersonar

Sak 05/24: Val av konkrete misjonsprosjekt

Sak 06/24: Samtale om nye tiltak i kyrkjelyden

Sak 07/24: Eventuelt

Sak 01/24: Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner innkalling og sakliste utan merknader.



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner innkalling og sakliste utan merknader.

Sak 02/24: Godkjenning av møteprotokoll frå 14.12.24

Vedlegg: Møteprotokoll 14.12.23

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner møteprotokollen frå 14.12.24 utan merknader.

Vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner møteprotokollen frå 14.12.24 utan merknader.

Sak 03/24: Orienteringssaker, skriv og meldingar

- **Samtale med kyrkjelydspedagog Julie Elise Tronstad**
Notatar frå samtalen ligg i arbeidsdokumentet.
- **Salmar vi liker å synge v/ Ola Sønderland**
Notatar frå samtalen ligg i arbeidsdokumentet.
- **Sponsa tur til Nepal i påska**
I samband med dei nye misjonsprosjekta som soknerådet har gått inn for, har Bjørn Ødegaard oppmoda minst 1 frå soknerådet om å bli med på påsketur til Nepal for å få ei godt innblikk til landet, folket og det viktige arbeidet som Himalpartner driv i Nepal og Tibet. Himalpartner vil sponse turen til 1 i soknerådet med 50% av billetten/utgiftene. Leiaren i SR har sendt ut invitasjon til alle om tilbodet.
- **Utlysing av stilling som kateket i Ørskog og Skodje**
Soknerådet kjenner til at kateket Olav Rønneberg seier opp stillinga si til sommaren. Prosessen med utlysing er i gang. Stillinga vil bli utlyst i løpet av februar, med start frå 1. august.
- **Takk frå Vaksvik Sportskapell for sponsering av julaftanarrangement**
Soknerådet gjorde vedtak om å sponse drivarane på Sportskapellet med kr 10 000 til eit julaftanarrangement for personar som ønskte å feire saman med andre denne kvelden. Dei fekk også plukke med seg varer frå bruktbutikken til arrangementet. Dei inviterte soknerådet til julelunsj fredag 29. desember 23 og takka for raus gåve.
- **Takkeskriv for offergåve mottatt frå Menneskeverd og Den norske Israelsmisjon.**
- **Jule-og nyttårshelsingar til Ørskog sokneråd frå biskop Midttømme og frå Zlatan (tidlegare kyrkjetenar)**

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd tek orienteringssakene, skriv og meldingar til vitande.

Vedtak:

Ørskog sokneråd tek orienteringssakene, skriv og meldingar til vitande.



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Sak 04/24: Utval og kontaktpersonar

Soknerådet fordelte oppgåver og spør både dei som har vore med og nye personar til å ta del i kyrkjelydsarbeidet i ulike utval og komitear.

Framlegg til vedtak:

Ørskog sokneråd tek sikte på å få personar i alle utval og komitear innan neste soknerådsmøte 15. februar 2024

Vedtak:

Ørskog sokneråd tek sikte på å få personar i alle utval og komitear innan neste soknerådsmøte 15. februar 2024.

Sak 05/24: Orientering om dei nye misjonsprosjekta

Olav Rønneberg orienterte om Stefanusalliansen og presenterte konkrete prosjekt vi i Ørskog kan støtte.

Frå Bjørn Ødegaard i Himalpartner har soknerådet mottatt 3 hovudområde som vi kan velje blant.

Framlegg til vedtak:

Innsamlingsmål er lik for begge to prosjekta.

2 ofringar + inntekter frå bruktbutikken gir kr 30 000 til kvar av prosjekta

Avtaleperiode: 3 år (2024-2027), med muligheit for fornying. Gjeld begge prosjekta.

Stefanusalliansen:

Tyrkia 30.000 kr

Himalpartner:

NÆRING pkt. 3: Støtte Higher Ground (kampen mot slavesalg) ved å utvikle verkstader for produksjon. Det skaper arbeidsplasser for kvinner.

Innsamlingssum: 30.000 kr

Kontaktperson: Mons-Olav Walgermo for begge prosjekta

Vedtak:

Ørskog sokneråd vedtek misjonavtalar med Stefanusalliansen og Himalpartner. Avtaleperiode: 3 år (2024-2027) med mulegheit for fornying.

Stønad på kr 30000 pr år for kvart av prosjekta. Det blir innsamla 2 offer for kvart av prosjekta + tilskot frå bruktbutikken

Stefanusalliansen:

Tyrkia

Stønadssum: 30.000 kr



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Himalpartner:

NÆRING pkt. 3: Støtte Higher Ground (kampen mot slavesalg) ved å utvikle verkstader for produksjon. Det skaper arbeidsplasser for kvinner.

Stønadssum: 30.000 kr

Kontaktperson: Mons-Olav Walgermo for begge prosjekta

b) Sponsing av reisekostnader til representantar frå Ørskog kyrkjelyd/sokneråd

Framlegg til vedtak:

Det er viktig for Himalpartner at kyrkjelyden som har misjonsavtalar med organisasjonen, får tilbod om å oppleve landet og folket i Nepal ved besøk.

Himalaya reiseklubb arrangerer påsketur 20. mars-1. april 2024 og vil sponse 1 person frå kyrkjelyden/soknerådet. Ola Sønderland melde seg på turen først og får denne støtta, som utgjer ca 50% av reisekostnadene.

Ørskog sokneråd ønskjer at fleire reiser, og vil sponse med 50% av reisekostnadene til Mons-Olav Walgermo og Liv Dysthe Sønderland.

Vedtak:

Det er viktig for Himalpartner at kyrkjelyden som har misjonsavtalar med organisasjonen, får tilbod om å oppleve landet og folket i Nepal ved besøk.

Himalaya reiseklubb arrangerer påsketur 20. mars-1. april 2024 og vil sponse 1 person frå kyrkjelyden/soknerådet. Ola Sønderland melde seg på turen først og får denne støtta, som utgjer ca 50% av reisekostnadene.

Ørskog sokneråd ønskjer at fleire reiser, og vil sponse Mons-Olav Walgermo med 15.000 kroner og Liv Dysthe Sønderland med 7.500 kroner, med grunngjeving at Liv ikkje er medlem av soknerådet. Turen kostar ca. 30.000 kroner.

(Mons-Olav Walgermo og Ola Sønderland var ikkje til stades under handsaming av denne saka.)

Sak 06/24: Samtale om nye tiltak i kyrkjelyden

Grunna mangel på tid, vert denne saka utsett til neste møte.

Sak 07/24: Eventuelt:

a) Ørskog kyrkje si Facebook-gruppe



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokneråd

Framlegg til vedtak:

Det er ønskeleg at fleire i soknerådet får tilgang til å legge ut informasjon om gudstenester og andre arrangement.

Soknerådet ber Olav Rønneberg gi administrasjonstilgang til Inger Valbø.

Vedtak:

Det er ønskeleg at fleire i soknerådet får tilgang til å legge ut informasjon om gudstenester og andre arrangement.

Soknerådet ber Olav Rønneberg gi administrasjonstilgang til Inger Valbø.

b) Ny varmepumpe til Bruktbutikken

Varmepumpa ved inngangen til Brukt'n er øydelagt.

Reparasjon med å fylle på gass kan mislukkast og gi berre utgifter.

Husstyret har vedtatt å kjøpe ny varmepumpe, til knapt 30.000 kr.

Soknerådet sluttar seg til dette.

c) Kort orientering frå Fellesrådet v/ May-Sissel R. Osvik.

Inger Valbø

Nestleiar og referent